



MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE
Postboks 2500
6404 MOLDE

Saksbehandler, innvalgstelefon
Lisa Thorstensen, 71 25 84 56

Vedtak om mellombels og permanent utsleppsløyve - tunnelvatn frå Remetunnelane Fv659 i Ålesund kommune - Møre og Romsdal fylkeskommune

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal har avgjort å gi mellombels utsleppsløyve av prosessvatn frå rehabiliteringsarbeid frå Reme- og Remefjelltunneten Fv659, og permant utsleppsløyve av tunnelvatn frå Reme- og Remefjelltunneten Fv659.

Sakshandsaminga vil bli plassert under gebyrsats 6. Det betyr at verksemda skal betale eit gebyr på kr 37 400 for sakshandsaminga.

Møre og Romsdal fylkeskommune har i brev av 28.09.2022 søkt om mellombels utsleppsløyve av prosessvatn ved rehabilitering og permant utsleppsløyve av tunnelvatn frå Reme- og Remefjelltunneten på Fv659 i Ålesund kommune.

Vedtak

I medhald av lov om vern mot forureiningar og om avfall (forureiningslova) av 13. mars 1981 nr. 6 § 11, jf. §16 gjev Statsforvaltaren i Møre og Romsdal med dette Møre og Romsdal fylkeskommune mellombels utsleppsløyve av prosessvatn ved rehabilitering og permant utsleppsløyve av tunnelvatn frå Reme- og Remefjelltunnelen. Det mellombelse løyvet gjeld for 01.02.2023 til 31.12.2025 med løyvenummer 2023.0139.T. Det permanente utsleppsløyvet gjeld frå 31.12.2025 når rehabiliteringa er over. Det permanente utsleppsløyvet omfattar vilkår knytt til drensvatn frå tunneldrift. Løyvenummer er 2023.0140.T.

Statsforvaltaren har ved avgjerda om løyve skal gis og ved fastsetting av vilkår, lagt vekt på dei forureiningsmessige ulempene ved tiltaket i samband med dei fordelar og ulemper som tiltaket elles vil medføre.

Det kan gjerast endringar i gitte løyver i medhald av forureiningslova § 18. I medhald av forureiningslova § 18 kan Statsforvaltaren også oppheve eller endre vilkåra som er gitt i samband med løyvet, eller gi nye pålegg. Statsforvaltaren kan også om nødvendig kalle løyvet attende dersom føresetnadene gitt i § 18 tilseier det.



Det blir understreka at all forureining frå verksemda isolert sett er uønskt. Sjølv om utslepp blir haldne innanfor fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemda å redusere utsleppa så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader. Det same gjeld for utslepp av komponentar som det ikkje uttrykkeleg er sett grenser for gjennom særskilte vilkår.

At forureininga er lov, gjev ikkje fritak frå erstatningsansvar for skade, ulemper eller tap årsaka av forureininga, jf. forureiningslova § 56. Brot på løyve er straffbart etter forureiningslova §§ 78 og 79.

Om saka

Remetunnelen og Remsfjelltunnelen (Remetunnelane) skal oppgraderast for å kunne tilfredsstillе tunnelsikkerheitsforskrifta. Arbeidet vil innebere senking av vegbanen i tunnelane, justering av vegprofilar utanfor tunnelane, graving i tilknytning til etablering av overvassleidning og dremsleidning, og etablering av tekniske bygg og havari nisjar.

Ålesund kommune vart bedt om å uttale seg, dei svara:

«Planavdelingen i kommunen har gitt tilbakemelding om at planfaglig er denne saken avklart, da dette nå er en byggesak med dispensasjon fra arealplankravet.

Kommuneoverlegen har med utgangspunkt i sine ansvarsområder ingen merknader verken til midlertidig eller permanent utslippstillatelse.

Det foreligger godkjent tiltaksplan for håndtering av forurenset masse i prosjektet.»

Norconsult har utarbeidd miljøteknisk rapport og tiltaksplan for tiltaket i september 2022.

Det er mistanke om forureining i grøftene og utanfor tunnelane. Analyseresultata viser forureining i massane i tilstandsklasse 2 i alle prøvene med hensyn til alifater, i tillegg til koppar og sink i enkelte prøvepunkt. Det er påvist konsentrasjonar over normverdi for stoff som kan knytast til biltrafikk og vegstøv.

Ca. 65 meter nord for Remetunnelen renn Remmeelva under vegen og fortsett mot vest kor den har utløp i Skulestadhavet. Remmeelva er registrert i vann-nett som Samfjorden – Skorabukta – Vatnefjorden bekkefelt. Miljøtilstanden er satt til god økologisk tilstand og udefinert kjemisk tilstand. Vest for tunnelane ligg Skulestadhavet, som er en del av vassforekomsten Samfjorden. Remmeelva har utløp i denne resipienten. Samfjorden har vatnkategori kystvatn. Samfjorden er registrert med god økologisk tilstand og ukjent kjemisk tilstand.

I Naturbase er Skulestadhavet/Indre Samfjorden registrert med naturtype bløtbunnsområde i strandsonen med verdi viktig og er registrert som brakkvannspoller med verdi viktig. Det er og registrert observasjonar av svartrødstjert med avstand 290 meter.

Remefjelltunnelen vart opna i 1938 og er 614 meter lang. Remetunnelen vart opna i 1954 og er 570 meter lang. Remetunnelane er registrert i Grunnforureiningsdatabasen med forureina grunn med akseptabel tilstand med dagen arealbruk.

Under byggefase er tunnelvatn planlagt å gå til Remmeelva. Entreprenør skal utarbeide prosedyrar og tiltak i tråd med løyve. Normal vert det brukt borerigg med luftspyling ved boring under arbeid i tunnelar. Det skal sprengast ved behov. Tunnelane skal spylast før dei skal sikrast med ca 1000 m³ fiberarmert sprøytebetong. Vatnet frå tunnelane kan inneheld boreslam, noko nitrogen frå sprengstoff, oljespill og ammonium frå sprøytebetong. Entreprenøren skal sørge for nødvendig beredskap for å hindre forureining.



I utgangspunktet skal det kunn nyttast sementbaserte tetningsmiddel. Dersom andre tetningsmiddel nyttast, er det utbyggars ansvar å dokumentere eventuell miljørisiko før dette middel kan nyttast.

Eventuelt utslepp av sanitæravløpsvatn frå anleggsbrakker må godkjennast av kommunen, jf. egne forskrifter.

Det er planlagt to system for permanent utslepp av vatn. Systemet for overvatn frå veg og tunnelvask skal gå i lukka system til kummar i vegbanen med leidning til ein slamutskiljar. Overvatn frå slamavskiljaren skal gå via ventilikum og reguleringskum til ein oljeutskiljar. Rensa vatn frå oljeutskiljaren skal gå til Remmeelva. Systemet for lekkasjevattn frå tunneltak og veggjar vert ført til grøft med drenerande masser og vidare til Remmeelva.

Avfall skal leverast til godkjent mottak.

Statsforvaltaren si vurdering

Vassforskrifta fastsett miljømål for vassførekomstane og inndeler vassførekomstane i fem tilstandsklassar. Miljømåla i vassforskriftas §§ 4 - 6 går ut på at tilstanden i vassførekomstane skal beskyttast mot kvalitetsreduksjon, og betrast med mål om å oppnå god økologisk tilstand og god kjemisk tilstand. Dersom utsleppet til resipienten endrar tilstandsklasse i negativ retning, vil det føreligge ei nedsetting av kvaliteten. Miljømåla skal nås, og nedsetting av kvaliteten er ikkje tillate med mindre vilkåra for å gjere unntak er oppfylt, jf. vassforskrifta § 12. Statsforvaltaren har derfor vurdert om krava i vassforskrifta er til hinder for å gi løyve etter forureiningslova.

Tunnelvatnet i anleggsperioden må reinsast i sandfang eller sedimentasjonsbasseng og oljeutskiljar før utslepp i Remmeelva. Det stilles krav til at oljeinnhaldet i avløpsvatnet etter at det har passert sandfang og oljeutskiljar skal vere under 5 mg/l. Utslepp av prosessvatn frå driving av tunnel vil medføre utslepp av suspendert stoff, nitrogenforbindingar, olje og metallrestar. I tillegg vil bruk av sprøytebetong føre til at prosessvatnet får ein høg pH.

Det er ikkje venta vesentlege effektar av kjemikalieutslepp frå tunneldringa. Likevel kan sprengstoffrestar som inneheld ammonium føre til at det blir danna ammoniakk dersom pH-verdien i vatnet er høg etter bruk av sprøytebetong. Ammoniakk er giftig for organismar som lever i vatn. Skadeverknadene vil vere størst ved utslepp i elvar og betydeleg mindre ved utslepp i sjø. Det er derfor sett krav til jamlege målingar av ammonium og pH i avløpsvatnet slik at konsentrasjonen av ammoniakk kan bereknast.

Innhaldet av suspendert stoff i prosessvatnet vil kunne variere, men vil kunne vere høgt i periodar. Partiklane som dannast ved sprenging av fjell har skarpe kantar og vil kunne vere til skade for organismar i området. Det er difor viktig at utslepp av partiklar blir lågt, og utsleppet bør ha låg konsentrasjon av suspendert stoff. Det blir satt krav om at utsleppet ikkje skal overskride 100 mg/L suspendert stoff som vekemidling. Konsentrasjonen av suspendert stoff bør vere lågare i utslepp til ferskvatna enn i utslepp til sjø der fortyninga vil vere betre.

I vann-nett er miljøtilstanden i Remmeelva og Skulstadhavet vurdert til antatt god økologisk tilstand. Skulestadhavet er en del av vassførekomsten Samfjorden. Det er ikkje noko som tyder på at planlagt aktivitet vil føre til forverring av tilstandsklasse i resipienten.

Søknaden er vurdert etter naturmangfaldlova §§ 8-12. Kunnskapsgrunnlaget i saka er vurdert som tilfredsstillande, men det vil alltid vere knytt usikkerheit til effektar av eit utslepp og samla påverknad på økosystemet. Det er difor stilt krav ut frå eit føre-var-prinsipp, naturmangfaldlova § 9, for å



redusere risiko. Krava er stilt innanfor det som er rimeleg å påleggje tiltakshavar og ut frå tilgjengelege og miljøforsvarlege driftsmetodar. Vi kan ikkje sjå at aktiviteten kjem i konflikt med naturmangfaldlova. Avløpsvatnet må leiast i røyr til elv slik at ein unngår eventuelle skadar på det biologiske mangfaldet ved stikkrenne eller bekk.

Resultatet av målingane i avløpet skal rapporterast til Statsforvaltaren så snart anleggsperioden er over. Resultata vil danne grunnlag for framtidige vurderingar av utslepp frå tunnelbygging til sjø og vassdrag.

Risikoklasse

Risikoklassering er miljømyndigheitenes system for berekning av hyppigheit av frekvensbasert tilsyn, der risikoklasse 1 er høgast og 4 er lågast. Verksemda er plassert i risikoklasse 4.

Konklusjon

Statsforvaltaren tillèt tunneldriving etter fastsette vilkår. Vilkåra som er satt i gitt løyva vil bidra til at tunneldrivinga ikkje vil medføre nemneverdig forureining eller redusere den biologiske og økologiske funksjonen i resipienten.

Klagemoglegheiter

Løyvet kan klagast på til Miljødirektoratet av partane i saka eller andre med rettsleg klageinteresse innan 3 veker frå det tidspunktet underretning om avgjersla er komen fram til vedkomande part. Vedtaket om risikoklasse kan klagast på til Miljødirektoratet innan same frist. Ein eventuell klage bør grunnjevast og skal sendast via Statsforvaltaren i Møre og Romsdal.

Offentleggjing av løyvet

Vedtaket skal gjerast offentleg kjent, jf. § 36-11 i forureiningsforskrifta. Den som har fått løyve, skal så snart som mogleg kunngjere dette i dagspressa. Kunngjeringa skal innehalde ei kort orientering om løyvet, kvar ein kan vende seg for å få innsyn i saksdokumenta og opplysningar om klageinstans og frist for eventuell klage på vedtaket. Kopi av kunngjeringa skal sendast Statsforvaltaren i Møre og Romsdal innan ein månad etter at løyvet er gitt. Statsforvaltaren i Møre og Romsdal vil kunngjere vedtaket på sine nettsider www.Statsforvaltaren.no/mr.

Forslag til kunngjeringstekst:

Kunngjering om vedtak om utsleppsløyve – Remetunnelane Fv659 i Ålesund kommune

Statsforvaltaren gjev Møre og Romsdal fylkeskommune mellombels utsleppsløyve av prosessvatn ved rehabilitering av Remetunnelane Fv659 og permanent utsleppsløyve tunnelvatn frå Remetunnelane Fv659 i Ålesund kommune. Anleggsperioden for rehabiliteringa er frå 01.02.2023 til 31.12.2025. Den permanent utsleppsløyve gjeld frå 31.12.2025.

Vedtaket og løyve kan lesast på Statsforvaltaren i Møre og Romsdal si heimeside, www.statsforvalteren.no/mr, under Kunngjeringar.

Vedtaket kan klagast inn til Miljødirektoratet innan 3 veker etter at løyvet vart gitt. Ei eventuell klage skal sendast til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, postboks 2520, 6404 MOLDE.

Vedtaket om gebyr

I fylgje forskrift om redusere av forureining (forureiningsforskrifta) kapittel 39 om gebyr for arbeid med løyve og kontroll etter forureiningslova, skal Statsforvaltaren ta gebyr for behandling av løyve



og kontroll/tilsyn etter forureiningslova. Tiltakshavar er i brev av 23.11.2022 varsla om gebyr for Statsforvaltarens saksbehandling.

På bakgrunn av opplysningar som bedrifta har gitt i søknaden, samt tidsbruk på søknaden, vedtek Statsforvaltaren å plassere arbeidet med løyve under gebyrsats 6, jf. forureiningsforskrifta kap. 39. Ved årsskifte vart gebyrsatsane for saksbehandling justert. Gebyrsats 6 er juster frå 35 000 kr til 37 400 kr. Det betyr at bedrifta må betale eit gebyr på kr 37 400,- for saksbehandlinga. Sats 6 tilsvara ein ressursbruk på éi veke. Faktura vert utsendt frå Miljødirektoratet.

Med helsing

Christian Dahl (e.f.)
fagleiar - forureining

Lisa Thorstensen
overingeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Permanent løyve til utslepp av prosessvatn frå tunnel
- 2 Mellombels løyve til utslepp av prosessvatn i samband med rehabilitering av tunnel

Kopi til:

ÅLESUND KOMMUNE

Postboks 1521

6025

ÅLESUND



Permanent løyve til utslepp av tunnelvatn frå Remetunnelane Fv659 i Ålesund kommune

Løyvet er gitt i medhald av lov om vern mot forureiningar og om avfall (forureiningslova) av 13.mars 1981 § 11. Det er satt vilkår etter forureiningslova § 16.

Løyvet er gjeldande frå 31.12.2025.

Tiltakshavar må på førehand avklare skriftleg med Statsforvaltaren i Møre og Romsdal endringar den ynskjer å foreta i høve til opplysningar gitt i søknaden eller under sakshandsaminga, som kan ha innverknad på miljøet.

Bedriftsdata:

Bedrift	Møre og Romsdal fylkeskommune	
Plassering/gateadresse	Julsundvegen 9	
Postadresse	6404 Molde	
Organisasjonsnummer (bedrift)	944183779	
Lokalitet for tiltaket	Remetunnelane Fv659	
Euref 89, UTM sone 32 for tiltaket	nord: 6964587 aust: 62472	
Kommune tiltaket utførast i	Ålesund	
Saksnummer	Anleggsnummer	Løyvenummer
2022/4804	1507.0526.01	2023.0140.T

Løyve gitt: 06.02.2023	Endringsnummer: -	Sist endra: -
<p>Christian Dahl fagleiar</p> <p>Lisa Thorstensen overingeniør</p> <p><i>Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.</i></p>		

1. Kva løyvet omfattar

Løyvet gjeld utslepp av prosessvatn frå tunneldrift frå Remetunnelane Fv659 i Ålesund kommune.

2. Generelle vilkår

2.1 Det er ei føresetnad at tiltaket utførast som angitt i søknaden datert 28.09.2022 med underliggjande dokument dersom ikkje anna går fram av løyvet, andre vedtak eller på annan måte er avklart med Statsforvaltaren i Møre og Romsdal.

2.2 Forureiningsmyndighetens vilkår skal ikkje vere til hinder for at andre myndigheiter kan stille krav med heimel i anna lovgiving.

2.3 Tiltakshavar er ansvarleg for at vilkåra i løyvet vert overhaldt. Tiltakshavar pliktar å orientere den som skal gjennomføre tiltaka om dei vilkåra som gjeld, og om dei restriksjonane som er lagt på arbeidet. Verksemda har plikt til å sørge for at anlegget som omfattast av dette løyvet drivast av kompetent personale.

2.4 Forureiningsmyndigheta skal til ei kvar tid ha tilgjenge til området for inspeksjon.

2.5 Statsforvaltaren kan oppheve eller endre vilkåra i løyvet, sette nye vilkår, og om naudsynt trekke løyvet attende, dersom vilkåra i forureiningslova § 18 er til stades. Statsforvaltaren har på det same grunnlaget rett til, på eit kvart tidspunkt, å stoppe arbeidet.

2.6 Dersom det viser seg at dei skildra miljøbeskyttande tiltaka ikkje verker som føresett i vilkåra, kan den ansvarlege med ein gong verte pålagt å sette i verk ytterlegare tiltak.

2.7 Dei delane av tiltaksområdet der det aktivt utførast arbeid, skal holdast avsperra og ikkje vere tilgjengelege for allmenta.

2.8 Tiltaka for reinsing skal vere i funksjon under heile driftstida for anlegget. Etter avslutta anleggsverksemd skal dei mellombelse avløpsanlegga fjernast.

3. Internkontroll, beredskap og varsling

3.1 Tiltakshavar skal utan opphald varsle Statsforvaltaren om alle unormale tilhøve som har, eller kan få innverknad på forureiningssituasjonen.

3.2 Tiltakshavar pliktar å ha eit oppdatert internkontrollsystem, jf. forskrift om systematisk helse-, miljø- og tryggleiksarbeid i verksemdar (internkontrollforskrifta) av 6. desember 1996. Internkontrollen mellom anna sikre og dokumentere at verksemda overheld krava i dette løyvet, forureiningslova, produktkontrolllova og relevante forskrift til desse lovene.

- 3.3 Tiltakshavar pliktar å gjennomføre tiltak for å unngå, eventuelt redusere risikoen for akutte utslepp frå all verksemd knytt til dette tiltaket. Slike tiltak skal vere basert på ein systematisk gjennomgang av alle elementa i tiltaksaktiviteten.
- 3.4 Den ansvarlege skal sørge for å ha tilstrekkeleg beredskap for å hindre, oppdage, stanse, fjerne og redusere verknaden av akutt forureining for all verksemd, jf. forureiningslova § 40. Beredskapen til den ansvarlege skal stå i eit rimeleg tilhøve til sannsynet for akutt forureining og omfanget av skadane og ulempene som kan inntreffe. Beredskapsplikta inkluderer også utstyr og kompetanse til å fjerne og redusere verknaden av ei eventuell forureining.
- 3.5 Ved akutt forureining, eller fare for akutt forureining, som følgje av verksemda, skal den ansvarlege varsle i samhøve med *forskrift av 09. juli 1992 om varsling av akutt forureining eller fare for akutt forureining*. Melding om akutt forureining gjerast til brannvesenet, **telefon: 110**.

4. Utslepp og reinsekrav

- 4.1 Overvatn frå tunnelen og anna oljehaldig avløpsvatn skal reinsast i sandfang og oljeutskiljar før det vert leia vidare i eit eiga, lukka røyrsystem. Utsleppet må skje slik at ein oppnår god innblanding i vassmassane.

Sandfang og oljeutskiljar må dimensjonerast slik at maksimalt innhald av olje og suspendert stoff i avlaupsvatnet etter reinsing er slik:

Konsentrasjon av olje (mg/l)	Konsentrasjon av suspendert stoff (SS) (mg/l)
5	100

- 4.2 Sandfang/sedimenteringsbasseng/oljeutskiljar skal kontrollerast regelmessig. Tømming skal skje så ofte som føresett ved dimensjoneringa av anlegget, og slik at reinseeffekten ikkje blir redusert. Utskilt olje/oljehaldig avfall skal leverast til godkjent mottak for farleg avfall, jf. punkt 5.3.
- 4.3 Lekkasjevatt frå område skal leiast til eigen drenerande masse/sandfang slik at det ikkje belastar reinseanlegget.

5 Avfall

- 5.1 Verksemda pliktar å så langt det er mogleg unngå at det dannast avfall som følgje av aktiviteten. Spesielt skal innhaldet av skadelege stoff i avfallet søkast redusert i størst mogleg grad.
- 5.2 Verksemda pliktar å sørge for at all handsaming av avfall, også farleg avfall, skjer i samhøve med gjeldande reglar for dette fastsett i eller i medhald av forureiningslova og "Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall" (avfallsforskrifta).

5.3 Farleg avfall som vert lagra mellombels før levering/henting skal verksemda sikre slik at lageret ikkje fører til spreing til grunnen, overflatevatnet eller avlaupsnett.

5.4 Slam frå sandfang og andre reinseinstallasjonar skal analyserast og leverast til godkjent mottak dersom slammet kan føre til spreing av forureining.

6. Kontroll og overvaking

6.1 Det skal utarbeidast drifts- og tøymerutinar for reinseanlegga for olje og suspendert stoff (slam). Sandfang/sedimentbasseng skal regelmessig tøyast for sand, olje og slam slik at naudsynt opphaldstid til ei kvar tid overhaldast.

6.2 Det skal etablerast rutinar for visuell inspeksjon ved utsleppsstadane, der observasjonar av oljefilm, blakka vatn eller anna forureining skal registrerast. Ved vesentleg forureining skal dette rapporterast, jf. punkt 3.

6.3 Verksemda skal gjennomføre utslippsmålingar. Målingar omfattar prøvetaking, analyse og/eller berekningar. Verksemda skal etablere eit måleprogram som inngår i verksemdas dokumenterte internkontroll. Målingar/berekningar skal utførast slik at dei er representative for verksemdas faktiske utslepp, og skal som eit minimum omfatte dei komponentane som er skildra i dette løyvet. I tillegg skal konsentrasjonen av ammoniakk bereknast ut frå konsentrasjonen av ammonium, vassstemperatur og pH. Berekning av ammoniakk-konsentrasjon skal også gjerast i vatnet som vert slept ut i resipienten. Målingane skal dokumentere at gjeldande krav i utsleppsløyvet og relevante forskrift vert etterlevd. Analysane skal utførast av eit laboratorium som er akkreditert for dei aktuelle analysane, og prøvetakinga skal utførast etter rettleiing frå laboratoriet.

6.4 Det skal førast driftsjournal for anlegget. Verksemda skal som eit minimum journalføre analyseresultat, mengde og dato for tøyning og innlevering av olje/slam/sand. Driftsjournalen skal kunne visast fram ved ein eventuell kontroll.

VEDLEGG 1

Liste over prioriterte miljøgifter, jf. punkt 4.1.

Utslipp av disse komponenter er bare omfattet av tillatelsen dersom dette framgår uttrykkelig av vilkårene i pkt. 4 flg. eller de er så små at de må anses å være uten miljømessig betydning

Metaller og metallforbindelser:

	Forkortelser
Arsen og arsenforbindelser	As og As-forbindelser
Bly og blyforbindelser	Pb og Pb-forbindelser
Kadmium og kadmiumforbindelser	Cd og Cd-forbindelser
Krom og kromforbindelser	Cr og Cr-forbindelser
Kvikksølv og kvikksølvforbindelser	Hg og Hg-forbindelser

Organiske forbindelser:

Bromerte flammehemmere	Vanlige forkortelser
Penta-bromdifenyleter (difenyleter, pentabromderivat)	Penta-BDE
Okta-bromdifenyleter (defenyleter, oktaborbromderivat)	Okta-BDE, octa-BDE
Deka-bromdifenyleter (bis(pentabromfenyl)eter)	Deka-BDE, deca-BDE
Heksabromcyclododekan	HBCDD
Tetrabrombisfenol A (2,2',6,6'-tetrabromo-4,4'isopropyliden difenol)	TBBPA

Klorerte organiske forbindelser

1,2-Dikloreten	EDC
Klorerte dioksiner og furaner	Dioksiner, PCDD/PCDF
Heksaklorbenzen	HCB
Kortkjedete klorparafiner C ₁₀ -C ₁₃ (kloralkaner C ₁₀ -C ₁₃)	SCCP
Mellomkjedete klorparafiner C ₁₄ -C ₁₇ (kloralkaner C ₁₄ -C ₁₇)	MCCP
Klorerte alkylbenzener	KAB
Pentaklorfenol	PCF, PCP
Polyklorerte bifenyler	PCB
Triklorbenzen	TCB
Tetrakloreten	PER
Triklloreten	TRI
Trikloran (2,4,4'-Triklor-2'-hydroksydifenyleter)	TCS
Tris(2-kloretyl)fosfat	TCEP

Enkelte tensider

Ditalg-dimetylammoniumklorid	DTDMAC
Dimetyldioktadekylammoniumklorid	DSDMAC
Di(hydrogenert talg)dimetylammoniumklorid	DHTMAC

Nitromuskforbindelser

Muskxylen	
-----------	--

Alkylfenoler og alkylfenoletoksyler

Nonylfenol og nonylfenoletoksyler	NF, NP, NFE, NPE
Oktylfenol og oktylfenoletoksyler	OF, OP, OFE, OPE
Dodecylfenol m. isomerer	DDP
2,4,6 tri-tert-butylfenol	TTB-fenol

Per- og polyfluorerte alkylforbindelser (PFAS)

Perfluoroktansulfonat (PFOS) og forbindelser som inneholder PFOS	PFOS, PFOS-relaterte forbindelser
Perfluorheksansulfonsyre (PFHxS) og forbindelser som inneholder PFHxS	PFHxS, PFHxS-relaterte forbindelser
Perfluoroktansyre	PFOA
Langkjedete perfluorerte karboksylsyrer C9-PFCA – C14-PFCA	PFNA, PFDA, PFUnDA, PFDoDA, PFTrDA, PFTeDA

Tinnorganiske forbindelser

Tributyltinnforbindelser	TBT
Trifenyltinnforbindelser	TFT, TPT
Dibutyltinnforbindelser	DBT
Dioktyltinnforbindelser	DOT

Polysykliske aromatiske hydrokarboner

PAH

Dietylheksylftalat (bis(2-etylheksyl)ftalat)

DEHP

Bisfenol A

BPA

Siloksaner

Dekametylsyklopentasiloksan	D5
Oktametylsyklotetrasiloksan	D4

Benzotriazolbaserte UV-filtre

2-Benzotriazol-2-yl-4,6-di-tert-butylphenol	UV-320
2,4-di-tert-butyl-6-(5-chlorobenzotriazol-2-yl)phenol	UV-327
2-(2H-benzotriazol-2-yl)-4,6-ditertpentylphenol	UV-328
2-(2H-Benzotriazol-2-yl)-4-(tert-butyl)-6-(sec-butyl)phenol	UV-350



Statsforvalteren i Møre og Romsdal

Mellombels løyve til utslepp av prosessvatn i tilknytning til rehabilitering av Remetunnelane Fv659 i Ålesund kommune

Løyvet er gitt i medhald av lov om vern mot forureiningar og om avfall (forureiningslova) av 13.mars 1981 § 11. Det er satt vilkår etter forureiningslova § 16.

Løyvet kan ikkje nyttast før det føreligg nødvendige løyve etter plan og - bygningslova.

Løyvet er gjeldande frå dags dato til 31.12.2025.

Tiltakshavar må på førehand avklare skriftleg med Statsforvaltaren i Møre og Romsdal endringar den ynskjer å foreta i høve til opplysningar gitt i søknaden eller under sakshandsaminga, som kan ha innverknad på miljøet.

Bedriftsdata:

Bedrift	Møre og Romsdal fylkeskommune	
Plassering/gateadresse	Julsundvegen 9	
Postadresse	6404 Molde	
Organisasjonsnummer (bedrift)	944183779	
Lokalitet for tiltaket	Remetunnelane Fv659	
Euref 89, UTM sone 33 for tiltaket	nord: 6964587 aust: 62472	
Kommune tiltaket utførast i	Ålesund	
Saksnummer	Anleggsnummer	Løyvenummer
2022/4804	1507.0526.01	2023.0139.T

Løyve gitt: 06.02.2023	Endringsnummer: -	Sist endra: -
Christian Dahl fagleiar	Lisa Thorstensen overingeniør	
<i>Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.</i>		

1. Kva løyvet omfattar

Løyvet gjeld utslepp frå Remetunnelane Fv659 i Ålesund kommune. Løyvet gjeld utslepp av prosessvatn frå tunneldriving, og drens – og vaskevatn under anleggsperioden 01.02.2023-31.12.2025.

2. Generelle vilkår

- 2.1 Det er ei føresetnad at tiltaket utførast som angitt i søknaden datert 28.09.2022 med underliggjande dokument dersom ikkje anna går fram av løyvet, andre vedtak eller på annan måte er avklart med Statsforvaltaren i Møre og Romsdal.
- 2.2 Forureiningsmyndigheitas vilkår skal ikkje vere til hinder for at andre myndigheite kan stille krav med heimel i anna lovgiving.
- 2.3 Tiltakshavar er ansvarleg for at vilkåra i løyvet vert overhaldt. Tiltakshavar pliktar å orientere den som skal gjennomføre tiltaka om dei vilkåra som gjeld, og om dei restriksjonane som er lagt på arbeidet. Verksemda har plikt til å sørgje for at anlegget som omfattast av dette løyvet drivast av kompetent personale.
- 2.4 Forureiningsmyndigheita, eller den dei gir myndigheit, skal til ei kvar tid ha tilgjenge til området for inspeksjon.
- 2.5 Statsforvaltaren kan oppheve eller endre vilkåra i løyvet, sette nye vilkår, og om naudsynt trekke løyvet attende, dersom vilkåra i forureiningslova § 18 er til stades. Statsforvaltaren har på det same grunnlaget rett til, på eit kvart tidspunkt, å stoppe arbeidet.
- 2.6 Dersom det viser seg at dei skildra miljøbeskyttande tiltaka ikkje verker som føresett i vilkåra, kan den ansvarlege med ein gong verte pålagt å sette i verk ytterlegare tiltak.
- 2.7 Dei delane av tiltaksområdet der det aktivt utførast arbeid, skal holdast avsperra og ikkje vere tilgjengelege for allmenta.
- 2.8 Tiltaka for reinsing skal vere i funksjon under heile driftstida for anlegget. Etter avslutta anleggsverksemd skal dei mellombelse avløpsanlegga fjernast.
- 2.9 Dersom forureiningsmyndigheita finn det påkravd, skal den som har fått utsleppsløyve medverke eller koste overvakingsundersøkingar eller andre liknande tiltak som med rimelegheit kan krevjast, jf. forureiningslova § 51.

3. Internkontroll, beredskap og varsling

- 3.1 Tiltakshavar skal utan opphald varsle Statsforvaltaren om alle unormale tilhøve som har, eller kan få innverknad på forureiningssituasjonen.
- 3.2 Tiltakshavar pliktar å ha eit oppdatert internkontrollsystem, jf. forskrift om systematisk helse-, miljø- og tryggleiksarbeid i verksemdar (internkontrollforskrifta) av 6. desember

1996. Internkontrollen mellom anna sikre og dokumentere at verksemda overheld krava i dette løyvet, forureiningslova, produktkontrollova og relevante forskrift til desse lovene.

- 3.3 Tiltakshavar pliktar å gjennomføre tiltak for å unngå, eventuelt redusere risikoen for akutte utslepp frå all verksemd knytt til dette tiltaket. Slike tiltak skal vere basert på ein systematisk gjennomgang av alle elementa i tiltaksaktiviteten.
- 3.4 Den ansvarlege skal sørge for å ha tilstrekkeleg beredskap for å hindre, oppdage, stanse, fjerne og redusere verknaden av akutt forureining for all verksemd, jf. forureiningslova § 40. Beredskapen til den ansvarlege skal stå i eit rimeleg tilhøve til sannsynet for akutt forureining og omfanget av skadane og ulempene som kan inntreffe. Beredskapsplikta inkluderer også utstyr og kompetanse til å fjerne og redusere verknaden av ei eventuell forureining.
- 3.5 Ved akutt forureining, eller fare for akutt forureining, som følgje av verksemda, skal den ansvarlege varsle i samhøve med *forskrift av 09. juli 1992 om varsling av akutt forureining eller fare for akutt forureining*. Melding om akutt forureining gjerast til brannvesenet, **telefon: 110**.

4. Utslepp og reinsekrav

- 4.1 Statsforvaltaren skal varslast når arbeidet startar.
- 4.2 Prosessvatn frå tunnelen, avlaup frå verkstader, innvendige og utvendige vaskeplassar og anna oljehaldig avløpsvatn skal reinsast i sandfang og oljeutskiljar før det vert leia vidare i eit eiga, lukka røyrssystem. Utsleppet må skje slik at ein oppnår god innblanding i vassmassane.

Sandfang og oljeutskiljar må dimensjonerast slik at maksimalt innhald av olje og suspendert stoff i avlaupsvatnet etter reinsing er slik:

Konsentrasjon av olje (mg/l)	Konsentrasjon av suspendert stoff (SS) (mg/l)
5	100

- 4.3 Sandfang/sedimenteringsbasseng/oljeutskiljar skal kontrollerast regelmessig. Tøyming skal skje så ofte som føreset ved dimensjoneringa av anlegget, og slik at reinseffekten ikkje blir redusert. Utskilt olje/oljehaldig avfall skal leverast til godkjent mottak for farleg avfall, jf. punkt 5.3.
- 4.4 Overflatevatn i område ved forskjeringar skal leiast unna anleggsområdet slik at det ikkje belastar reinseanlegget. Verkstad/-vaskeplass skal ha tett dekke med avrenning til sluk.

5 Avfall

5.1 Verksemda pliktar å så langt det er mogleg unngå at det dannast avfall som følgje av aktiviteten. Spesielt skal innhaldet av skadelege stoff i avfallet søkast redusert i størst mogleg grad.

5.2 Verksemda pliktar å sørgje for at all handsaming av avfall, også farleg avfall, skjer i samhøve med gjeldande regler for dette fastsett i eller i medhald av forureiningslova, herunder "Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall" (avfallsforskrifta).

5.3 Farleg avfall som vert lagra mellombels før levering/henting skal verksemda sikre slik at lageret ikkje fører til spreing til grunnen, overflatevatnet eller avlaupsnett.

5.4 Slam frå sandfang og andre reinseinstallasjonar skal analyserast og leverast til godkjent mottak dersom slammet kan føre til spreing av forureining.

6. Kontroll og overvaking

6.1 Det skal utarbeidast drifts- og tøymerutinar for reinseanlegga for olje og suspendert stoff (slam). Bassenga skal regelmessig tøyast for sand, olje og slam slik at naudsynt opphaldstid til ei kvar tid overhaldast.

6.2 I tillegg skal det etablerast rutinar for visuell inspeksjon ved utsleppsstadane, der observasjonar av oljefilm, blakka vatn eller anna forureining skal registrerast. Ved vesentleg forureining skal dette rapporterast, jf. punkt 3.

6.3 Verksemda skal gjennomføre utslippsmålingar. Målingar omfattar prøvetaking, analyse og/eller berekningar. Verksemda skal etablere eit måleprogram som inngår i verksemdas dokumenterte internkontroll. Målingar/berekningar skal utførast slik at dei er representative for verksemdas faktiske utslepp, og skal som eit minimum omfatte dei komponentane som er skildra i dette løyvet. I tillegg skal konsentrasjonen av ammoniakk bereknast ut frå konsentrasjonen av ammonium, vassstemperatur og pH. Berekning av ammoniakk-konsentrasjon skal også gjerast i vatnet som vert slept ut i resipienten. Målingane skal dokumentere at gjeldande krav i utsleppsløyvet og relevante forskrift vert etterlevd.

I anleggsfasen skal det dokumenterast at utsleppskrava vert haldt ved analyser av prøver (vekeblandprøvar) tatt minst ein gong pr. månad. Analysane skal utførast av eit laboratorium som er akkreditert for dei aktuelle analysane, og prøvetakinga skal utførast etter rettleiing frå laboratoriet.

6.4 Det skal førast driftsjournal for anlegget. Verksemda skal som eit minimum journalføre analyseresultat, mengde og dato for tøyning og innlevering av olje/slam/sand. Driftsjournalen skal kunne visast fram ved ein eventuell kontroll.

7. Rapportering

7.1 Det skal sendast ein sluttrapport til Statsforvaltaren anleggsarbeidet er avslutta.

Rapporten skal innehalde:

- Ei skildring av tiltaket for reinsing og utført arbeid
- Ei skildring av eventuelle avbøtande tiltak som er gjennomført for å hindre uheldig påverknad på omgivnadane frå det gjennomførte tiltaket
- Oversikt over utsleppa for heile driveperioden jf. vilkår 6.3.
- Ei skildring av utstyret for gjennomført tunneldriving og erfaringar frå arbeidet.

VEDLEGG 1

Liste over prioriterte miljøgifter, jf. punkt 4.1.

Utslipp av disse komponenter er bare omfattet av tillatelsen dersom dette framgår uttrykkelig av vilkårene i pkt. 4 flg. eller de er så små at de må anses å være uten miljømessig betydning

Metaller og metallforbindelser:

	Forkortelser
Arsen og arsenforbindelser	As og As-forbindelser
Bly og blyforbindelser	Pb og Pb-forbindelser
Kadmium og kadmiumforbindelser	Cd og Cd-forbindelser
Krom og kromforbindelser	Cr og Cr-forbindelser
Kvikksølv og kvikksølvforbindelser	Hg og Hg-forbindelser

Organiske forbindelser:

Bromerte flammehemmere	Vanlige forkortelser
Penta-bromdifenyleter (difenyleter, pentabromderivat)	Penta-BDE
Okta-bromdifenyleter (defenyleter, oktaborbromderivat)	Okta-BDE, octa-BDE
Deka-bromdifenyleter (bis(pentabromfenyl)eter)	Deka-BDE, deca-BDE
Heksabromcyclododekan	HBCDD
Tetrabrombisfenol A (2,2',6,6'-tetrabromo-4,4'isopropyliden difenol)	TBBPA

Klorerte organiske forbindelser

1,2-Dikloreten	EDC
Klorerte dioksiner og furaner	Dioksiner, PCDD/PCDF
Heksaklorbenzen	HCB
Kortkjedete klorparafiner C ₁₀ -C ₁₃ (kloralkaner C ₁₀ -C ₁₃)	SCCP
Mellomkjedete klorparafiner C ₁₄ -C ₁₇ (kloralkaner C ₁₄ -C ₁₇)	MCCP
Klorerte alkylbenzener	KAB
Pentaklorfenol	PCF, PCP
Polyklorerte bifenyler	PCB
Triklorbenzen	TCB
Tetrakloreten	PER
Triklloreten	TRI
Trikloran (2,4,4'-Triklor-2'-hydroksydifenyleter)	TCS
Tris(2-kloretyl)fosfat	TCEP

Enkelte tensider

Ditalg-dimetylammoniumklorid	DTDMAC
Dimetyldioktadekylammoniumklorid	DSDMAC
Di(hydrogenert talg)dimetylammoniumklorid	DHTMAC

Nitromuskforbindelser

Muskxylen	
-----------	--

Alkylfenoler og alkylfenoletoksyler

Nonylfenol og nonylfenoletoksyler	NF, NP, NFE, NPE
Oktylfenol og oktylfenoletoksyler	OF, OP, OFE, OPE
Dodecylfenol m. isomerer	DDP
2,4,6 tri-tert-butylfenol	TTB-fenol

Per- og polyfluorerte alkylforbindelser (PFAS)

Perfluoroktansulfonat (PFOS) og forbindelser som inneholder PFOS	PFOS, PFOS-relaterte forbindelser
Perfluorheksansulfonsyre (PFHxS) og forbindelser som inneholder PFHxS	PFHxS, PFHxS-relaterte forbindelser
Perfluoroktansyre	PFOA
Langkjedete perfluorerte karboksylsyrer C9-PFCA – C14-PFCA	PFNA, PFDA, PFUnDA, PFDoDA, PFTrDA, PFTeDA

Tinnorganiske forbindelser

Tributyltinnforbindelser	TBT
Trifenyltinnforbindelser	TFT, TPT
Dibutyltinnforbindelser	DBT
Dioktyltinnforbindelser	DOT

Polysykliske aromatiske hydrokarboner

PAH

Dietylheksylftalat (bis(2-etylheksyl)ftalat)

DEHP

Bisfenol A

BPA

Siloksaner

Dekametylsyklopentasiloksan	D5
Oktametylsyklotetrasiloksan	D4

Benzotriazolbaserte UV-filtre

2-Benzotriazol-2-yl-4,6-di-tert-butylphenol	UV-320
2,4-di-tert-butyl-6-(5-chlorobenzotriazol-2-yl)phenol	UV-327
2-(2H-benzotriazol-2-yl)-4,6-ditertpentylphenol	UV-328
2-(2H-Benzotriazol-2-yl)-4-(tert-butyl)-6-(sec-butyl)phenol	UV-350